

Nytt firma med ny firmabil.

22.04.2016



Uskedal Røyr & Multiservice har investert i ny bil.

Ved nyttårstider starta Arvid Hjelmeland som bur på Rød, opp med firmaet Uskedal Røyr & Multiservice AS. Nyleg investerte han i ny firmabil som med logoar og anna, er lett å kjenna att når vi treffer den på veien. Firmaeigaren er godt fornøgd når han no kan sjå tilbake på dei første driftsmånadene.

Hjelmeland som har lang og brei erfaring innanfor fagområdet, sa ved oppstarten at han ønskete å byrja i det små og håpa å byggja opp firmaet til nokre tilsette. I startfasen har han hatt Eilif Myklebust, med 45 års erfaring, med seg som mentor, og som ein som trør hjelpende til i hektiske periodar.

I tillegg til gjera vanlege røyrleggjaroppgåver for private ønskjer Arvid å leiga ut slike tenester til industrien og oppdrettsnæringa.

Dessutan sa han at han ønskjer å få bruka kompetansen han tidlegare har tileigna seg innan prosjekt- og arbeidsleiing. Derfor vil han tilby koordinering innan arbeidsoppdrag som krev fleire fag. Dersom ein t.d. skal pussa opp bad, kan interesserte kontakta han for å få både pris, og til å ordna med snikkar, elektrikar og andre fag. Han har alt knytt gode kontaktar innan dei ulike fagområda. Han har elles ord på seg for å vera ein svært hendig snikkar.

Etter dei første månadene med drift synest Hjelmeland at det ser svært lovande ut. Ordretilgangen har vore god, og det håpar han held fram.

- Du veit det er ekstra spennande første året, sa han om det då vi var i kontakt med han medan han dreiv med trykktesting av anlegg for Brødrene Musland Maskin i Bogsnes på Husnes.



Arvid Hjelmeland under trykktestingsarbeid på Husnes.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.